

Daggry-posten

September 2018



TAKK FOR GOD OPPSLUTNING PÅ FORELDREMØTET! ☺

Vi orienterte om det pedagogiske innhaldet i barnehagen, visjon, satsingsområder, og hovudlinjene i årsplanen. Det vart også valgt nye foreldrerepresentanter til Samarbeidsutvalget for barnehagen, Mari Bjørdal Rørstad og Elisabeth Mulelid Nordstrand, og desse er dykkar kontaktpersoner dersom de ynskjer å drøfte ei sak i foreldregruppa, eller ta opp noko med barnehagen. Norunn Røsvik fortsetter som vara. Foreldra vart så delt på dei ulike avdelingane, der dei fekk meir informasjon om barnehagekvarldagen. Avdelingane vil gje dykk viktig informasjon frå den delen av møtet.
Ellers legg vi med retningslinjer for sjukdom hos barnehagebarn, som vi har fått frå kommunelegen.

SKJEMA VEDR. OPNINGSTIDER JUL / PÅSKE

Alle har fått utdelt eit skjema i posthyllene i barnegarderobene, der de skal krysse av på eitt eller fleire alternativ, slik de ynskjer at praksisen skal vere i forhold til ope / stengt jul og påske. **Fristen for å levere inn er mand. 10.sept.**, og svaret kan vere anonymt. Så vil vi ta med dei svara vi har fått når vi skal behandle saka i SU og styret for barnehagen.

EVALUERING PÅ TILVENNINGSTIDA

Vi vil dele ut eit skjema til i posthyllene til dei barna som er nye denne hausten, der vi ynskjer tilbakemelding på korleis de opplevde tilvenningstida i barnehagen. Lever inn snarast til avdelinga eller til styrar / kontoret.

DENNE MÅNADEN STARTER VI MED TEMA OG FASTE AKTIVITETER

Fram til no har vi arbeidt med tilvenningstida, for at barna skal kjenne seg trygge her hos oss, bli kjent med barn og vaksne, og finne seg til rette i barnegruppa. Ikkje berre for nye barn, men det er endringer og ny samansetjing av gruppene på alle avdelinger, så det er ei tilvenning for alle. No starter vi på hovudtemaet vårt: «Hakkebakkeskogen», og gjennom den forteljinga skal vi jobbe med identitet, livsmeistring, vennskap/sosialt samspel, leik, inkludering og fellesskap. Dette er ein del av satsingsområdet for barnehagen; «Leik og livsmeistring». Barnehagen skal gje barna basiskompetanse på alle grunnleggande områder, slik at barna vil

meistre livet sitt på ein god måte både no og i framtida, på skule og på fritid. Leik er livsviktig for barn, det er der denne læringa skjer, og vi skal derfor legge til rette for læring gjennom leik, opplevingar og utforsking.

Avdelingane vil jobbe litt forskjellig med temaet, utfrå kva alders-gruppe som er på avdelinga, og dette vert presentert i årsplanen.

Sjå månadsplanen / månadsbrev for kvar avdeling, korleis di avdeling har lagt opp aktiviteter i samband med hovudtema.

TEMA BRANNVERN: I veke 38 er det nasjonal brannvernveke, og vi skal då ha enkel brannvernoplæring med barna, utfrå opplegget "Eldar og Vanja", utgitt av Norsk Brannvernforening. Dette inneholder aktiviteter, forteljinger, rollespel, handdokker, tema til samtale, m.m.

Vi skal også ha brannøving med barna den veka, og seinare ein gang kvar andre månad. Vi får besøk av brannbil og brannmenn i barnehagen ein av dagane, det ser ut som det blir tirsdagen den veka. Seinare på hausten får vi også besøk av «Bjørnis» frå Ålesund brannvesen.

PROSJEKT MED SVØMMEOPPLÆRING FOR DEI ELDSTE BARNA

Ålesund kommune har fått prosjektmidler til svømmeundervisning for dei eldste barna i barnehagen. Vår barnehage har søkt om å få bli med på dette, og fått innvilga det, for dei barna som skal begynne på skule til neste haust. Det blir då 8 ganger til bassenget på Thon hotell, i november og desember, der er svømmeinstruktører som har ansvar for 8 barn om gangen, og 2 av personalet er med på kvar gruppe med 8 barn. De får meir opplysning om dette etterkvart.

FACEBOOK-GRUPPE

Minner om at Daggry barnehage har si eiga facebook-gruppe, og at det blir lagt ut ein del påminningar og aktuelt stoff der. Vi oppfordrer alle foreldre som har barn på Daggry om å søke opp denne, og sende forespørsel om å bli medlem. Dei foreldra som ikkje har barn på Daggry lenger, vert slettet.


HEIMESIDA Heimesida vår er enno ikkje heilt oppdatert, men det skal skje snart. Vi jobber for fullt med årsplanen no, og når den er klar vert også heimesida oppdatert ☺

Håper at barn og foreldre har hatt eit greit møte med barnehagen denne hausten, og at vi skal samarbeide godt! Dersom de lurer på noko, eller har negative / positive tilbakemeldinger, så ta det opp med oss.



Med venleg helsing
Kari-Lise Nordstrand
-styrar

Daggry barnehage



Adresse: Øvregjerdet 18
6050 VALDERØYA

Tlf: 70182497

E-post: post@daggrybarnehage.no

Heimeside: www.daggrybarnehage.no

Eigar: Sunnmøre Indremisjon

Styrar: Kari-Lise Ose Nordstrand

Pedagogiske leiarar:

- Marte Tolo Skjong og May Britt Øverlid (Lerka 3-6 år)
- Oddhild Skjong og Barbro Bakken (Måltosten 3-6 år)
- Marthe Hjorth og Elisabeth Knardal Synnes (Linerla 1-2 år)
- Siv Alnes Mulelid og Marit Ytterland / Heidi Eilertsen (Spurven 1-2 år)

Mob.nr. til avdelingane:

LERKA: 45973085
MÅLTROSTEN: 45973238
LINERLA: 45972646
SPURVEN: 45972670